



Frank Mohn Flatøy AS  
Flatøyvegen 24  
5918 Frekhaug

## Rapport frå inspeksjon 25. april 2013

Rapportnummer: 2013.015.I.FMHO

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Oddbjørn Haukås Jacobsen  
Helge Korneliussen  
Svein Arne Dale  
Helge Nævdal

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Henriette Ludvigsen  
Britt Solheim

## Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 3 avvik innan følgjande tema under inspeksjonen:

- Reinseanlegg
- Utsleppsmålingar
- Internkontroll

Avvika er nærare omtala frå side 4 og utover i rapporten.

Frank Mohn Flatøy AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. september 2013** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtala på side to.

Sissel Storebø e.f.  
senioringeniør

Britt Solheim  
senioringeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Meland kommune

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Frank Mohn Flatøy AS	<b>Anleggsnr.:</b> 1256.0007.01
<b>Besøksadresse:</b> Flatøyvegen 24, 5918 Frekhaug	
<b>Postadresse:</b> Flatøyvegen 24, 5918 Frekhaug	
<b>E-post:</b> ohj@framo.no	<b>Telefon:</b> 55 99 94 00
<b>Kommune:</b> Meland	<b>Organisasjonsnr.:</b> 974 113 414
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 28.130	<b>Eigar (org.nr.):</b> 917 957 959
<b>Løyve sist oppdatert:</b> 24.02.2011	<b>Risikoklasse:</b> 3

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen er ein del av ein landsomfattande kontrollaksjon i verksemdar som driv med overflatebehandling.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Internkontroll, herunder risikovurderingar, avviksbehandling og rutinar for ytre miljø
- Handtering av farleg avfall
- Handtering av kjemikal og substitusjon
- Drift av reinseanlegg og utsleppskontroll til vatn
- Sikring mot akutte utslepp
- Krav i utsleppsløyve

### Stort farepotensial ved stoff som vert brukt i overflatebehandling

Stoffa som vert brukt til overflatebehandling har eit stort farepotensial, både for helse og miljø. Det er derfor viktig at alle som arbeider med slike prosesser følgjer regelverket.

### Utslepp til vatn

Prosessvatn inneheld restar av metall og kjemikal som ikkje må sleppast direkte til avløp. Skyljevatt skal reinsast før det kan førast til kommunalt leidningsnett.

### Handtering av farlig avfall

Avfall frå overflatebehandling er som regel farleg avfall og må handterast forsvarleg og leverast til godkjent innsamlar eller mottak. Farleg avfall er blant anna brukte bad, botnslam frå bad, slam frå reinseanlegg og kjemikalieavfall.

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtala i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. september 2013** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Pålegget om skriftlig tilbakemelding er gitt med heimel i forureiningslova § 49. Vedtaket kan klagast på innan 3 dagar etter at pålegget er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Fylkesmannen.

## Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **1. september 2013**, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

## 4. Kontrollgebyr

Frank Mohn Flatøy AS skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 11 700 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet.

## 5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Aktuelt regelverk

- forureiningslova § 7 om plikt til å unngå forureining
- produktkontrollova § 3 om aktsemd og § 3a om substitusjonsplikt
- forureiningsforskrifta kapittel 28 om kjemisk overflatebehandling
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta § 5

Informasjon om regelverket finn de på [www.klif.no](http://www.klif.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

Informasjon om farleg avfall kan også finnes på [www.norsas.no](http://www.norsas.no)

## Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1: Driftstilhøva i reinseanlegg er ikkje tilfredsstillande dokumentert

**Avvik frå:** Utsleppsløyve punkt 2.7  
Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 7

#### Kommentar

Dette gjeld tilhøve som:

- Dei styrande driftsparametrane i reinseprosessen er ikkje skriftleg dokumentert med verdiar for kjemikaliedosering

Ved tilsynet blei det opplyst at verksemda hadde problem med redokselektroden, som er styrande parameter og særskild viktig ved reduksjon av seksverdig krom til treverdig krom. Det ble fortalt at avtale med Novatek var inngått, og at problemet difor straks ville bli løyst. Det vart også opplyst om at verksemda har endra produksjonen sin ved at vesentleg mindre volum vert beisa no enn tidlegare. Krominnhaldet i stålet er samstundes auka.

For å oppnå god beiseeffekt, inneheld beisebadet både flussyre og salpetersyre og vil difor også kunne innehalde seksverdig krom. Denne vil bli overført til skyljevatnet og seksverdig krom må reduserast til treverdig krom som kan fellast ut. Dette trinnet bør vere fullautomatisk styrt. Det vil sei at natriumbisulfitt vert tilsett som reduksjonsmiddel og pH må vere låg, dvs.  $\text{pH} < 2,5$  og opphaldstida i tanken må vere minst 20 minuttar. Når redokselektroden ikkje fungerer, kan heller ikkje krom reduserast til treverdig krom, fordi reduksjonsmiddelet ikkje vert dosert rett. Prosessavløpsvatnet vil dermed innehalde seksverdig krom.

Verksemda har opplyst at for å bøte på problemet, vert kjemikalet Bruggal RH5 tilsett manuelt etter en kolometrisk test av avløpsvatnet.

Verksemda har plikt til å drive anlegget etter prinsippet om å ta i bruk dei mest tilgjengelege teknikkar, BAT. Verksemda har også plikt til å halde seg oppdatert på kva som til ein kvar tid er BAT for bransjen. Informasjon om kva som er BAT for reduksjon av krom kan verksemda finne i gjeldande BREF-dokumentet. Verksemda har avtale med Novatek som også kan rettleie om gjeldande BAT for bransjen.

#### Tilbakemelding til Fylkesmannen

Verksemda må sende melding om kva som er gjort for å rette opp i tilhøva med kromreduksjon. Fylkesmannen ber også om å få tilsendt driftsinstruks for alle trinna i reinseprosessane. Instruksjonen må angje pH-område for optimal utfelling av relevante metallar som fins i verksemda sitt prosessvatn. Instruksjonen må også innehalde rutine for måling av seksverdig krom i avløpsvatnet og prosess for tilsetning av Bruggal RH5.

## **Avvik 2: Utsleppsmålingar har manglar**

**Avvik frå:** Utsleppsløyve punkt 11.1 Utslippskontroll  
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

### **Kommentarar:**

Dette gjelder følgjande forhold:

I utsleppsløyvet til verksemda er det i punkt 11.1 sett krav om at verksemda skal utarbeide eit måleprogram.

Når verksemda utarbeider eit nytt måleprogram eller oppdaterer måleprogrammet sitt, skal prøvetakingsfrekvensane veljast ut slik at standardavviket blir tilstrekkeleg lågt og prøvene blir representative for utsleppa. Verksemda skal også vurdere usikkerhetsbidrag ved dei forskjellige trinna i målingane, (volumstrømsmåling, prøvetaking, analyse og berekning) og velje løysningar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. Vurderinga skal omfatte utsleppet sin verknad på miljøet, kva som er praktisk mogeleg å gjennomføre og kostnadene ved å redusere usikkerheita.

Verksemda skal beskrive og grunngje løysningane som er valt. Dette er nærare forklart i vedlagte infoark TA-2603 «Forventningar til industriens utsleppskontroll».

### **Tilbakemelding til Fylkesmannen:**

Fylkesmannen ber om å få tilsendt oppdatert måleprogram.

## **Avvik 3: Internkontrollen har vesentlege manglar**

**Avvik frå:** Utsleppsløyve punkt 10.1 Miljørisikoanalyse  
Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

### **Kommentarar:**

Dette gjelder følgjande forhold:

#### **Uilstrekkelege rutinar for å sikre at krav vert overhaldne**

- Verksemda manglar skriftleg rutine for å sikre at dei har oppdatert kjemikaliedokumentasjon (t.d. sikkerhetsdatablad).

#### **Ufullstendig risikovurdering**

- Fleire tema mangler i risikovurderinga (t.d. kjemikal, prosessbad, reinseanlegg, avfall)

Verksemda har tidlegare gjennomført risikovurderingar for ytre miljø. Vurderingane kunne derimot ikkje visast fram ved tilsynet. Det vart vist til at nøkkelpersonar i arbeidet med internkontrollen ikkje lenger var tilsett ved verksemda.

Intensjonen med internkontroll er nettopp at verksemda skal unngå at system vert sårbar av di berre ein eller få personar er oppdatert på systema. Alle tilsette må ha tilgang til verksemdas internkontroll og kunne vite kvar dei kan finne informasjon om gjeldande regelverk, rutinar og prosedyrar. Risikovurderinga skal utarbeidast i samarbeid med dei tilsette. Dette er viktig for at alle skal få eigarskap til prosessen, og for at alle farar skal bli vurdert.

Prosessar som bør vere med i risikovurderinga til verksemda for ytre miljø, er mellom anna:

- risikovurdering av kjemikal
- lagring av kjemikal
- lagring og levering av avfall, derunder korleis deklarasjonsskjema skal fyllast ut
- prosessbad
- reinseanlegg, derunder risiko når pH- og redokselektrodar ikkje fungerer slik dei skal

#### **Tilbakemelding til Fylkesmannen:**

Fylkesmannen ber om å få oversendt rutine for korleis verksemda alltid skal kunne ha oppdaterte sikkerhetsdatablad og verksemda sin oppdaterte risikovurdering for ytre miljø.

## **6. Merknader**

Vi har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

## **7. Andre forhold**

Det ble opplyst at verksemda ikkje vil satse på å etablere eit ”lukka” anlegg med inndamping av prosessavløpsvatnet med det fyrste.

Vi vil opplyse om at nye krav til sikkerhetsdatablad gjeld i Noreg frå 10. april 2013. Det er til dømes innført nye faresymbol. Dette er i samband med Noreg sin implementering av EUs kjemikalierregelverk REACH. Fleire overgangsordningar gjeld. De må kontakte kjemikalieleverandørane dykkar, så de er sikra at de har sikkerhetsdatablad etter gjeldande regelverk.